

Evangelium og kultur i madagassisk erfaring

Eit autentisk vitnemål om frigjering i evangeliet

HANS AUSTNABERG

Temaet for Verdsmisjonskonferansen i Brasil hausten 1996, i regi av Kyrkjeverdsrådet, var: «Kalla til ei von - Evangeliet i ulike kulturar», og i løpet av 1995/96 blei det på verdsbasis arbeidd med desse spørsmåla.

Eit viktig utgangspunkt for dei førebuande drøftingane har vore at evangeliet er kulturoverskridande og ingen bestemt kultur kan romma evangeliet fullt ut. Likevel finst aldri noko anna evangelium tilgjengeleg enn det ein finn i den einskilde kulturs utforming¹.

Denne erkjenninga bør gjera oss åpne for rikdomane i dei kulturelle utformingane av evangeliet. Vi risikerer då å møta trekk som er uvante for oss, men som ut frå eit studium av kulturell eigenart viser seg å vera ein genuin inkulturasjon av evangeliet. At dei ulike ytringsformene ikkje er unnateke eit kritisk blikk med utgangspunkt i den bibelske openberinga, er ei anna sak, som eg ikkje vil gå vidare inn på her.

Eit område der vestleg kristendomsforståing har fått kritikk frå afrikansk hald, er i høve til Afrikas heilskaplege forståing av det materielle og åndelege som like verkelege deler av tilværet. Forkynning av «frelse for sjelene» er ikkje nok for å koma til rette med den afrikanske røyndomsforståinga. Det må også forkynnast at Kristus på krossen har vunne over alle ånder og makter som vil menneska vondt. Først ved å ta med begge desse aspekta kjem ein til rette med fullnaden i evangeliet.² Mange afrikanske forskarar hevdar at deira røyndomsoppfatning ligg nærare den jødisk - kristne enn det som var «baga-

sjen» til vestlege misjonærar.³

Madagaskar har også del i denne generelle afrikanske kulturen. Ein naturleg del av den madagassiske røyndomsoppfatninga er at mennesket er omslutta av ånder og makter, og til ein stor grad bestemt av desse usynlege maktene. Den kristne bodskapen måtte stillast i relasjon til denne røyndomen, og denne kontekstualiseringa er hovudsakeleg gjort av madagassiske vekkingsrørsler frå slutten av forrige århundre.⁴

Eg vil i det fylgjande presentera eit madagassisk vitnemål om møte med desse åndene og maktene: besettelse, utdriving i Jesu namn og nytt liv i Kristus. Dette er eit vitnemål frå «innsida», frå ein som sjølv har opplevd det på nært hald. Historia må lesast med dei forbehold forskjellig røyndomsoppfatning, kulturelle og sosiale tilhøve tilseier, men samstundes som eit vitnemål om evangeliets frigjerande kraft i einkvar kultur.

SOM EI GLO REVEN UT OR ELDEN⁵

Dette kan i sanning seiast om denne familien. Sjølv om dei var kristne, støtta dei seg til dyrking av satan, fordi dei meinte å få velsigning gjennom dette. Men det var eit bedrag...; og idag er begge ektefellane hyrdar⁶: dei dyrkar ingen andre gudar enn Herren Gud.

Vi gjengir her Rakotomihantarizaka Organès' historie. Han er politimeister og fortel korleis Jesus sette familien fri frå fangenskap under 'tromba'⁷ og 'kalanoro'.⁸

Mahonjo Olga, kona mi, er politibetjent, og vi har to barn. Frå 1966-1980 var det «noko som budde i henne». Slik var det ikkje med meg, men eg tok imot dei folka som kom for å bli friske hos kona mi, og oppbevarte det 'utstyret' som ho brukte til avgudsdyrkinga.

Ein farleg sjukdom

I 1966 fekk kona mi sjukdomen 'kasoa', som nokre kallar 'ambalavelona'⁹. Ho kunne ikkje berre vera heime sidan ho arbeidde i staten, og blei innlagt på Befelatanana-sjukehuset. Den medisinske behandlinga gav ingen resultat. Tvert imot blei sjukdomen verre. Til slutt bad mor hennar legen om å få ta henne med til Morondava, der ho kom frå, fordi ho hadde høyrst at sjukdomar som hadde hekseri¹⁰ til årsak, ikkje kunne helbredast av vanlege legar. Dei måtte behandlast på madagassisk vis, dvs. hos 'ombiasa' eller 'mpanao sikidy'¹¹. Då vi kom dit, tok mora henne med til Malaimbandy, til ein stad der det budde

ein mann som var vidt kjend fordi han kunne helbreda personar med den sjukdomen kona mi hadde.

Mannen var 'mpanao sikidy', og han sa at kona mi leid av 'kasoa'. Han gav oss beskjed om å kjøpa ein liter alkohol, ta med pengar, sølv og vin. Dette skulle han gi til den ånda som heldt bustad hos han. Namnet på ånda var 'den store gud'¹². Då ånda kom over mannen, tala ho og sa at ho skulle bu hos kona mi i ein månad. Ho skulle gjer henne frisk, og etter den avtalte tida skulle ho forlata kona mi att. Så gav han kona mi avkok av trestykke å drikka, og trespon saman med litt av sølvstøvet blei tømt ut på håret hennar. Straks forlet ånda helbredaren og fôr inn i kona mi, som besvimte og blei lagt på ei seng. Då vi reiste henne opp, tala ånda ved hjelp av munnen og tunga til kona mi. Ho var ikkje herre over seg sjølv lengre. Ho gav beskjed om alle tabu som måtte overhaldast: ho fekk ikkje eta grisekjøt, spansk peppar, runde bønner og kjøt av døde dyr. Heller ikkje fekk ho sjå seg i spegel, ho fekk ikkje gå ut or huset i solnedgangen og ho fekk ikkje bruka ei sivkorg som var kasta ut gjennom vinduet av huset. Dette var tabua ho skulle overhalda i ein månad. Medan ånda tala gjennom henne der, drakk ho heile literen med alkohol, men då ånda forlet henne, var ho ikkje 'full' av alkoholen i det heile tatt.

Etter ein månad sende vi bod til helbredaren slik at han kunne fjerne ånda frå kona mi, slik som vi hadde blitt samde om. Då han kom, gjorde han i stand remediane¹³ for å ta bort 'tabusyndene'. Kona mi var svært glad for å få bli fri frå tabua og sjukdomen. Nå var ho symptomfri. Helbredaren bad oss henta fylgjande ting til ritualet: ein okse med kvitt hovud og ei svart høne til å ofra, gryter, svarte laken og masse vin. Dette skulle takast med til ein bestemt plass, der det skulle berast fram, og deretter skulle ikkje sjukdomen koma attende til kona mi.

Ritualet blei utført i alle detaljar. Då kom ei stor firfisle ut av treleggen, og kona mi blei skrekkslagen. Hjarta slo fort, håret reiste seg, huden blei nummen og ho kjende det som om hovudet vaks. Så mista ho kontrollen over seg sjølv, fordi ånda hadde kome til henne. Ånda fekk henne til å dansa den ville dansen til sakalava-stamma i området der - det viser at ånda kom derifrå. Ånda i kona mi tok spydet og oksehornet¹⁴ til helbredaren, og ho sleppte ikkje vinen før alt var drukke opp. Folk omkring støya og klappa i hendene, som skikken var. Så blei oxen slakta, og blodet blei strøke på treleggen. Då det var gjort, forlet ånda kona mi, og ho kom til seg sjølv att. Ho var trøytt og svak, men merkeleg nok ikkje 'full' etter vinen. Til slutt blei det gravd eit høl for å gravleggja den svarte høna til erstatning for

kona mi, blei det sagt. Slik skulle ikkje sjukdomen koma attende, og ånda skulle ikkje venda attende til henne. Ho kunne fritt eta det som hadde vore tabu for henne tidlegare. Dette skjedde på ein laurdag, og klokka var tre om ettermiddagen før ritualet var over. Derfor blei oksekjøtet delt opp, og alle som var til stades, tok kjøt med seg då dei gjekk heim.

Vi blei lurte, men kunne ikkje stå imot

Vi laga middag med grise- og andekjøt til kona mi, fordi no var ho fri. Dette var første gongen ho åt grisekjøt sidan ho blei sjuk. Medan ho åt, merka ho ingenting, men etter måltidet fekk ho sterk mageverk og diaré heile dagen. Ho blei trøytt og sliten, og om kvelden - klokka var omtrent 18.30 - kom ånda¹⁵ som hadde budd hos henne i ein månad, brått attende. Ånda var svært sint, tala til oss og sa: «Kvifor har de lurt meg og lete henne eta grisekjøt, det som er tabu for henne?» Mor til kona mi svarte henne og sa: «Kvifor er du komen hit att? Vi var jo samde om at du ikkje lenger skulle bu hos dotter mi, men fara ifrå henne.»

Ånda var svært sint. Ho fekk kona mi til å kasta seg att og fram og til å hoppa rundt ikring. Familien klarte ikkje å hindra henne i dette, og vi begynte å be henne fint om ikkje å vera så sint på kona mi. Då vi naudbad henne slik, slutta ho og sa: «De skal vera glade for at eg ikkje reiv tunga ut or munnen på henne eller snudde hovudet bakfram. Ver varsame heretter, eller så kan eg gjera det.» Ånda sa også andre ting: «Kvifor dreiv de meg ut or den personen eg budde i og hadde gjort frisk. Eg vil ikkje fara, for eg likar å bu hos henne, og gud har tillete meg å bu der. Ho skal gjera andre friske,» blei det sagt, «og eg skal ikkje drepa henne, men gi liv og velsigna både henne og andre med helbreiding.»

Så vende vi attende til Antananarivo, der kona mi arbeidde då. Månadane og åra gjekk, og ånda var stadig hos henne. Ånda begynte å gi kona mi syner om kva som skulle henda i framtida, t.d.: «nå skal person slik og slik snart døy». Kona mi blei varsla om dette på førehand, anten gjennom draumar eller ved at ho hørte ein stemme i øyro sine, slik ein hører tale i ein telefon. Det var nyhende som: «De skal få høyra noko vondt; det skal bli bråk; ei ulukke skal henda til den og den tid», og det skjedde slik som det var sagt henne på førehand. Det eg merker meg nå, er at ånda aldri varsla noko godt som skulle henda; berre vonde ting gav ho beskjed om.

Ånda rådde kona mi til å oppsøkja personar som hadde samarbeida lenge med ånder, slik at dei kunne finna ut av korleis dei skulle stoppa sinnet til forfedrane til kona mi si ånd, - og samstundes gjera

henne frisk for alle sjukdomane som kona mi stadig fekk. Alle pengane våre gjekk med til dette. Dei blei brukte opp til sjukehus, medisinar og andre konsultasjonar og aktivitetar som kona mi ynskte. Men kona mi blei ikkje betre.

Då vi såg at antalet ånder i kona mi auka, bestemte vi oss for å oppsøkja personar som kunne gjera henne fri for desse. Vi gjekk til ein person som heitte Coco. Vi fortalde om ulukka vår, og korleis vi ynskte å fjerna åndene frå kona mi. Då sa Coco at ho hadde makt til å fjerna desse vonde åndene.

Denne Coco snakka om fred. Ho utførte ein slags magi ved hjelp av ymse ritual og handlingar saman med Bibelen. Vi fekk inga hjelp likevel.

Då vi kom heim om kvelden, kom ånda igjen og sa til meg: «Kvifor tok du meg med til den mannen som slo meg i hovudet med boka (det var altså Bibelen)¹⁶». Ånda sa ho ville få kona mi til å kasta opp blod og drepa henne. Ho var svært sint, og ho minna oss om det ho hadde sagt tidlegare, at ho hadde fått lov av gud å ha bustad hos kona mi, og at ho ikkje ville forlata henne så lenge kona mi levde.

Ho blei 'ombiasa' - ei ånd som helbreda menneske

Vi såg ingen mulighet for å driva ut eller fjerna desse åndene, - sjølv ikkje dei mest vidgjetne utdrivarane kunne gjera det minste - så derfor bestemte vi oss for ikkje å skapa sinne hos åndene. Livet gjekk vidare saman med dei, slik vi hadde levd tidlegare.

Vi fulgte fedrane sine skikkar i å gi ånda ære som den kongeånda ho var. Hos personar som utfører ånderitual i Antananarivo, fekk vi vita namnet på ånda: 'Andriamandetarivo'. Og ho gav også til kjenne kven som var kona hennar. Hennar namn var 'Andriambavitara'.¹⁷

Litt seinare kom fleire ånder til. Ei heitte 'etterkomarane av dei kvitte' og ei anna 'arabarånda'. Den siste snakka verkeleg arabisk då ho kom. Eg kan ikkje ramsa opp namna på alle, men antalet ånder var omkring 11. Mellom desse var eit spesielt krumbøydg trestykke, som åndene hadde bedt oss henta i Falierana i Moramanga-området.

Ved hjelp av desse åndene - både leiaren for dei og dei mindre åndene, som leiaren kalla soldatar og etterfyljarar - helbreda vi menneske. Eg kalla på åndene, og det skjedde fast kvar laurdag kveld og sundag. Då var huset vårt fullt av folk.

Vi brukte opp alle pengane våre på å stella istand til det som åndene trong, både løna vår og dei pengane folk gav oss når vi hjelpte dei.

Det var ikkje berre 'tromba'-åndene som var hos oss, men også 'kalanoro'-åndene¹⁸. Vi sjølve søkte desse ved hjelp av 'tromba'-ån-

ne, fordi vi hadde høyrte kva dei kunne utføra. Vi sa til 'tromba'-åndene: «Hent 'kalanoro'-ånder som de kan samarbeida med». Vi hadde også høyrte at 'kalanoro' kunne bera ting i lause lufta, etter som den som rådde over dei, bad dei om. Dette er nemleg forskjellen på dei to åndetypane: 'Tromba' tek bustad i personen, og slik kan ho tala gjennom munnen hans eller ta ting ved hjelp av hendene på den ho bur hos. 'Kalanoro' derimot treng ikkje ta bustad i personar på den måten. Ein lagar istand ein spesiell plass for henne i huset sitt, og om kvelden i mørkninga kan ein kalla på henne. Då må ein gi litt pengar for å æra henne og litt honning og parfyme. Når 'kalanoro'- åndene kjem, kan alle til stades høyra stemmen deira, samtala med dei og spørja dei om kva som helst, slik også kona mi gjorde.

Slik førte 'tromba' dei nye 'kalanoro'-åndene til huset vårt. I den tida høyrde vi ofte bråk på taket, både midt på dagen og om natta. Det var 'kalanoro'-åndene som var på besøk, fordi ikkje alle førebuingane til å ta imot dei var ferdige. Etterkvart gav 'kalanoro' oss beskjed om forskjellige tabu vi måtte halda, og vi oppdaga at det begynte å skje merkelege ting i huset vårt. T.d. var gitaren flytta frå den staden vi hadde plassert den, og det var nokon som spela på den når det var heilt stille i huset. Det var også nokon som flytta på pengane våre: 30.000 MGF og 10.000 MGF. Vi leita både der vi hadde lagt dei og elles i huset, men fann ikkje noko. Etter eit par vekers tid fann vi pengane att,- nokre gonger alle pengane, andre gonger mangla det noko. Vi var sikre på at barna våre ikkje hadde rørt pengane. Dei som kjende desse 'kalanoro'-åndene forklarte at dei ville visa seg for oss på den måten, og gjera det klart at dei kunne ta pengar på den måten og koma til oss med dei,- i sekkevis, dersom vi laga godt i stand for dei.

Eg hadde gitt beskjed til 'tromba' og 'kalanoro' at dersom dei ville at eg skulle stella i stand til dei, fekk dei ikkje lov å ta bustad i dei to barna våre. Det hadde dei gått med på. Men eg var redd for det barna våre fortalde, særleg eldste jenta, at når ho skulle henta noko på soverommet vårt - der vi oppbevarte alt utstyret som kona mi brukte - såg ho ofte ein kortvaksen mann med raude klede. Han hadde spyd i handa slik som urinnbuarane ved kystane. Ofte vakna ho og var skremd om nettene. Ein gamal mann med langt skjegg og eit skremande uttrykk i andletet skremte henne.

I 13 år levde vi fire på denne måten.

.....¹⁹

Be²⁰, for dagen er nær

Det var ei stemme som tala til kona mi om natta og sa: «Be, for dagen

er nær». Vi tenkte mykje på desse orda, for slike ord pleidde ikkje 'tromba'- og 'kalanoro'-åndene å bruka, men derimot fanst dei i Bibelen, og kyrkja brukte dei.

Kona mi sa: «Eg veit ikkje om det er 'tromba'- eller 'kalanoro'-ånder som vil ha oss til å be. Korleis kan dei oppmoda seg sjølve til å be?» Vi forstod ikkje noko av kva dag som var nær. Vi fortalde om synet til 'ombiasa'en, og han sa at det var åndene som tala på den måten. Og han føygde til: «Det skal skje noko vanskeleg med deg, kvinne, så dersom du ikkje ber hardt til gud²¹ om at 'dagane' våre må sameinast, let ikkje dette seg gjera».²²

Det drog ut, og vi måtte snart reisa attende til Antananarivo utan at noko var skjedd. Den ferien vi hadde tatt ut, var om kort tid til ende.

Eg var sint fordi ingenting var skjedd, men 'ombiasa'en, som gjorde istand for 'kalanoro'-åndene forklarte at desse åndene ikkje kan tvingast til å utføra noko. Det må forhandlast i ro og fred, og dei vel sjølve ut ein dag dei har behag i.

Dette var 26. oktober 1980. Eg heldt det ikkje ut lenger, og eg gjekk til den lutherske kyrkja i Mahajanga. Aldri før hadde eg hatt lyst til å gå i kyrkje som den gongen. Eg hugsar at det var 20. sundag etter treeining og preiketeksten var Joh 4,46, - om Jesus som helbreda sonen til den kongelege embetsmannen.

Då eg kom heim att, sa kona til meg: «Du er lur og går til kyrkje åleine, men meg let du vera att her. Du vil sjølv bli frelst, men det gjer ikkje noko om eg går tapt». Ho var sint på meg, og vi snakka ikkje noko vidare saman.

Omtrent fem dagar seinare, fekk kona mi ennå eit syn. Ho såg mange menneske og alle var store og høge (omtrent to meter). Dei fylte himmelranda, frå vest til aust på sørhimmelen. Alle var kledde i kvite klede. Så var det ei stemme som spurde henne og sa: «Kven er dei menneska i side, kvite klede?» Ho visste ikkje kva ho skulle svara. Men stemmen tala att og sa: «Desse menneska er døde i kamp. Og du,- vil du ennå ikkje begynna å be?»

Dette synet heldt vi for oss sjølve, og fortalde ingenting til 'ombiasa'en.

Endeleg var førebuingane som måtte gjerast for 'kalanoro'-åndene over, og vi vende attende til Antananarivo. Då vi kom til huset vårt (leilighet No 92, i bydelen 67Ha), laga vi i stand ein plass til 'kalanoro'-åndene: bord, ein liten stol, raude forheng osv., og ein plass til 'tromba'-åndene: der var det kvite forheng. Talet på nye tabu auka, slik som t.d.: vi fekk ikkje gå inn i eit hus der det var lik; vi fekk ikkje ta oske ut av huset om natta; bestikk og servise for meg og kona skulle haldast skilde frå kvarandre, osv.

Etterkvart som vi tok oss i vare for ikkje å bryta tabua, var det som om våre indre augo blei opna. Livet var eit ork. Vi hadde ikkje lenger noko liv saman som ektefeller, fordi det var ikkje oss som bestemte i huset, men 'tromba'- og 'kalanoro'-åndene. Huset var fullt av alt utstyret til åndene. Vi bestemte oss då for at vi ville begynna å be.

Vi ønska sterkt at det skulle koma nokon og forkynna evangeliet for oss, og vi tenkte på Daniel Rajakoba, som ofte hadde talt i radioen. Guds planar er til å undrast over! Kort tid etterpå traff vi han. Vi fortalde han alt som hadde skjedd med oss, og han sa at 'tromba'-åndene i sanning er djevelen, og særleg 'kalanoro'-åndene, som er den levande satan. «Kom med meg til Nenilava, som er ein Guds tenar,» sa han. Det skjedde ikkje den dagen fordi mor mi var sjuk, men vi var bestemte på å oppsøkja henne.

Det var sjølvsgat at djevelen og satan kjende til den nye veien som vi ville ta inn på. Leiaren for 'kalanoro'-åndene sende ein soldat (utsending) til oss ei stund før denne lengten kom inn i oss, men det endra ikkje noko på vår bestemmelse om å nærma oss Lyset.

Får Sonen gjort dykk frie, vert de retteleg frie

Klokka kvart over fem om kvelden den 1. desember 1980 tok Daniel Rajakoba oss med til Nenilava. Ho budde i andre etasje i leilighet 237 i bydelen 67Ha. Nenilava sat på ei sivmatte på golvet, ved sengeenden. Då vi hadde handhelsa på kvarandre, bad ho oss setja oss på ein låg benk langs veggen av huset. Daniel Rajakoba reiste seg og bad, og då han var ferdig med å be, fortalde han Nenilava kvifor han var komen og hadde tatt oss med. I korte ordelag gjorde han henne kjent med oss, særleg det som hadde skjedd med kona mi.

Etter dette tok eg ordet og fortalde til Nenilava korleis vi hadde blitt plaga av 'tromba'- og 'kalanoro'-åndene i 14 år. Uansett kva vi hadde prøvd på, hadde det ikkje lete seg gjera å bli kvitt åndene, og dei hadde truga kona mi med døden for å gjera oss redde dei. «Vi er komne her for å søkja å bli løyste frå dette,» sa eg. Kona mi heldt fram med å seia: «Eg er lut lei desse 'tromba'- og 'kalanoro'-åndene som bur i meg, og eg har bestemt meg for å be. Eg vil heller tena Gud, som har skapt meg, og be til han enn å bli verande ved dette som nå plagar både meg og familien min».

Nenilava svara og sa: «Ver ikkje redd. Du skal ikkje døy, for djevelen er allereide slått. Jesus Kristus er utløysaren din, og det er han som har tala til deg og kalla deg attende til seg. Trua på han vil føra til at djevelen forlet deg.» Brått ropa kona mi høgt, og ho ville reisa seg frå sida mi og kasta noko mot Nenilava for å skada henne. Ho slåss mot folka som var samla i rommet, men hyrdane begynte straks

i Jesu namn å driva djevelen ut or kona mi. Ho brukte eit slikt språk mot hyrdane at det ikkje går an å nemna. Tromba-ånda (det er djevelen) som var komen til henne, var Andriamandatarivo, konge og 'ombiasa' for sakalavane i Menabe²³, som dei seier. Han var leiaren for åndene i kona mi, som tok bustad i henne frå først av og ikkje ville forlata henne.

Mens djevelen kjempa om kona mi, sa han til meg: «Korleis kan du forråda meg slik, barnebarnet mitt, eg som har gjort så mykje godt mot deg og velsigna deg?» Men eg svara han og sa: «Vi treng deg ikkje lenger, for du er djevelen.» Hyrdane sa til meg at eg ikkje skulle snakka med djevelen, men i staden driva han ut i Jesu namn. Så eg begynte også å driva han ut i Jesu namn, saman med hyrdane. Medan dette stod på, kom det så mykje skjellsord og spott at vi fekk vondt i øyro. Særleg gjekk dette ut over Nenilava, for henne hata djevelen.

Då reiste Nenilava seg opp og gjekk ut på eit anna rom. Eg trudde då at djevelen ville halda opp med alt det stygge snakket fordi ikkje lenger Nenilava var til stades, men hyrdane si utdriving heldt berre fram. Nå vende djevelen seg til svogeren min, kona mi sin yngre bror, som han ville ha på sitt lag, og sa: «Vil du også forråda meg, barnebarnet mitt?» Men svogeren min forsaka han og sa at han ikkje trong djevelen lenger.

Etter ei stund kom Nenilava attende frå rommet, og ho baud djevelen fara ut i Jesu namn. Eg hugsar godt kva som skjedde, for medan dei andre hyrdane dreiv djevelen ut ved å svinga med hendene, tok Nenilava tak i begge føtene til kona mi (var åndene der?) og dreiv han ut frå det området. Så sa Nenilava: «Ber henne ned i det store rommet i første etasje og hald fram med utdrivinga». Så blei tromba-ånda tatt ned trappene. Då sa ho: «Kor tek de meg hen? De må bera meg, for eg er konge.» Men hyrdane svara at ho ikkje var konge, men djevelen, og at Jesus Kristus åleine er konge. Då dei kom ned i første etasje, tala djevelen igjen og sa: «Gi meg ein stol å sitja på. Eg har mi ære og set ikkje rett på golvet.» Men hyrdane hørte ikkje på dette og heldt fram med utdrivinga.

Til slutt sa djevelen: «La meg fara ut», og han heldt fram: «Kven skal eg flytta til?» Han såg seg omkring på dei mange ungdomane som budde hos Nenilava og blei oppdregne av henne. Då gav Daniel Rajakoba beskjed om at alle ungdomane som var komne for å sjå på, skulle gå ut av rommet og dei fekk ikkje koma attende for å kika. Grunnen var at djevelen hadde sett seg om etter nokon å flytta inn i.

Medan utdrivinga gjekk føre seg hadde Nenilava sendt nokon for å seia at eg skulle koma til henne. Det var noko ho ville meg. Nenilava sa til meg: «Gå heim, barnet mitt, riv ned og øydelegg alt utstyret til

'tromba'-åndene og alt anna som de bruker til åndene i huset dykkar. Gjer det med ein gong, og lat ikkje noko vera att!» Eg svara ja og tok i veg, for vi budde ikkje langt frå Nenilava, berre litt lenger vest i same bydelen. Eg gjekk ned trappene, kasta eit blick på kona mi og sa til ministeren²⁴ Daniel Rajakoba kva eg skulle. Han fortalde til dei andre at 'Mama'²⁵ (det namnet brukar Nenilavas 'barn' om henne) hadde sendt meg for å øydeleggja utstyret til 'tromba'- og 'kalanoro'-åndene, og hadde bede meg å bera det attende til henne. Hyrdane, som heldt på å driva ut djevelen, sa at nå skulle alt utstyret hans brennast i elden. Då tigga, naudbad han og gret - han som tidlegare hadde vore så ovanpå og full av tillit - og sa: «La meg få ha kledda mine. Ikkje brenn dei opp, for då kjem onkelen min til å slå meg ihjel (det var alltid slik at han måtte ha raude tøyestykke då han kom).» Men hyrdane sa at det ikkje skulle vera att noko som helst til han, og dei heldt stadig fram med utdrivinga.

Så snakka han igjen: «La meg i alle fall få behalda stokken min (det var ein stav med sølv og gull på og eit spyd), for onkelen min blir sint på meg elles (eg veit ikkje kven han meinte med 'onkel'. Kanskje var det Lusifer eller Beelsebul).» I samband med dette fekk vi sjå at desse 'tromba'-åndene, som hadde lurt oss, verkeleg var djevelen. Dei hadde sagt til oss at dei hadde lov av gud å bu i kona mi, og dei hadde sagt at dei ikkje kunne lesa, fordi dei var madagassiske kongar frå tida før lesekonsten kom til øya. Men den fransk dei snakka då, var ikkje til å skilja frå ein innfødt fransk borgar sin fransk, verken i uttale, ordbruk eller aksent. Etter dette forlet eg huset og gjekk heimover.

Då eg kom heim, bad eg før eg begynte å riva ned utstyret, og sa: «Jesus, det er med mine eigne hender eg har sett opp alt dette for å dyrka 'tromba'- og 'kalanoro'-åndene. Nå har du sendt meg for å øydeleggja alt dette. Eg er klar til å gjera det,- i di kraft, Gud.»

Så venta eg ikkje lenger med å riva ned dei raude og kvite forhenga. Eg tok bort og samla saman alle tinga: den kvite jorda, pengane deira, tobakken, vinen og honningen deira, parfymen, alle slag tøyestykke, grytene av kvit keramik, staven og spydet, dei 12 sølvskulpturane i menneskeskapnad, dei to oksehorna i sølv, som var til 'kalanoro'-åndene.... Medan eg heldt på med dette arbeidet, kom katekisten²⁶ Rakotondrabe Jules. Han var sendt av 'Mama' for å vera med meg i arbeidet med å riva ned og bera alle tinga attende til huset der Nenilava var. Vi let ikkje noko vera att, heller ikkje borda og dei små stolane, som var laga etter mål slik som 'tromba'- og 'kalanoro'-åndene ville ha dei. Det var også forskjellige slag treppinnar, som blei brukte til medisin. Det åleine fylte ei stor sivkorg. Vi vaska bort alle

flekkane av kvit jord som var smurt på alle dørstokkane, og klokka var omtrent 21.30 då vi var ferdige med å fjerna alt utstyret i huset. Vi bar det med oss til huset der 'Mama' var, og klokka var 22.00 då vi kom til henne med rapporten: «Vi har tatt ned alle djeve-altara i huset, så kor skal vi leggja alt vi har samla?» Nenilava sa at vi skulle setja det i gardsrommet, ved foten av eit stort tre, for ho ville sjølv ta det i augesyn.

Då vi kom, såg eg kona mi sitja 'normal' og i god form ved sida av Nenilava. Vi fekk då eit ord frå Jesus gjennom Nenilava: Kol 3,1-17, og ministeren Daniel Rajakoba tala over dette ordet til oss. Det viktigaste som han trekte ut av innhaldet, var kva det vil seia å fylgja Guds vilje og at vi må forsaka djevelen og alle hans gjerningar. Etter dette sa Nenilava at vi skulle ta med oss ministeren, katekisten og nokre få av hyrdane og ha ei bønestund i huset vårt den same kvelden. Klokka var då ca 22.30. Ho sa vidare at då vi slutta på kontoret dagen etter skulle vi ha eit nytt møte heime hos oss, med utdriving av djevelen og forbøn for oss. Hyrdane som fulgte oss heim den kvelden, fortalde at kona mi hadde vrikka på seg som ein orm som kryp på marka medan katekisten og eg var heime og fjerna og øydela alt utstyret til åndene. Men djevelen forlet henne den kvelden.

Dagen etter kom hyrdane til huset vårt, slik det var avtalt. Det var Daniel Rajakoba saman med Adany, Rakotojoelimaria Lalasoa og katekisten Rakotondrabe Jules. I tillegg kom Razafindrahaja og Rasoavoninahitra Sophie. Dei er nå begge døde.

Møtet blei halde inne på soverommet vårt, der vi hadde utført tenesta for djevelen, og etter møtet var det utdriving av vonde ånder. Kona mi fekk skjelvingar i kroppen igjen. Det var leiaren for 'tromba'-åndene, Andriamandarivo, som var blitt dreven ut dagen før i huset til Nenilava, som kom. Men han fekk ikkje høve til å plaga henne meir. Han var svært svak og sa ikkje eit ord. Det varte heller ikkje lenge før han gjekk att. Og den dagen, tirsdag 2. desember 1980, omtrent klokka 19.30, var siste gongen 'tromba'-åndene budde i kona mi. Frå den tida til nå har dei ikkje vist seg, verken i huset vårt eller hos kona mi. På grunn av Jesu kraft blei leiaren for djevlane og alle soldatane hans, 'tromba'-åndene, drevne ut. Då møtet i huset vårt var slutt, gjekk vi saman med barna våre og hyrdane til huset der 'Mama' var. Då vi kom til henne, helsa ho kona mi med glede og kyste henne. Før ministeren hadde rapportert noko som helst av det som var skjedd, sa 'Mama': «Eg helsar dykk, for fienden er slått. Jesus har dreve ut desse djevlane og sett deg fri, frue. Dei er nå i det djupe helvete-hêlet, og derifrå kan dei ikkje koma. Dei skal aldri venda attende til deg.» Kona mi sette i å gråta i omvending og hjarta hennar var fullt

av takk til Gud. Eg måtte berre sanna at denne Jesus som Bibelen talar om, ikkje er eit produkt av lausleg snakk, men verkeleg er Guds eigen mektige Son, som elsker oss. Han frelser oss frå synda sin trelldom, frå djevelen og alle hans gjerningar. Vi i familien er overtydde om at uansett kva vi hadde gitt som erstatning til åndene for at dei skulle forlata kona mi - om det så var 100 oksar, eller 1000, ja, om vi hadde gitt dei eit hus fullt av gull - så hadde ikkje det kunna få dei til å forlata kona mi. Men fordi Jesus har frelst oss, er vi blitt frie gratis. Det er ein stor nåde, og det er dette som er skrive i 1 Pet 1,17-21. Det var dette ordet vi las i Bibelen og som blei tala over til oss den dagen: «...De veit at det ikkje var med forgjengelege ting, sølv eller gull, de vart frikjøpte frå det tome livet de arva frå fedrane; det *var med Kristi dyre blod*, blodet av eit ulastande og lytelaust lam...».

Då 'Mama' hadde forsikra oss om at djevelen var slått og ikkje ville venda attende til kona mi, heldt vi møte og Nenilava bad for oss. Etter det gjekk familien vår heim. Før vi forlet staden, sa Nenilava at vi skulle koma til vekkingscenteret²⁷ Ambohibao dagen etter, onsdag 3. des 1980 om ettermiddagen. Då skulle alt utstyret til 'tromba'- og 'kalanoro'-åndene berast dit og brennast. Då vi kom heim til huset, sov vi godt utan mareritt heile natta. Då morgonen kom, vakna vi fredfulle og lukkelege. Vi var lik folk som hadde fått lagt frå seg tunge bærer. Det finst sanneleg ein fridom som overgår langt det menneske kan tenkja seg her i denne verda. Det er når Jesus får leia, for han er sjølv livet. Vi finn ikkje ord for å uttrykkja den gleda vi har kjent på frå den dagen, og alt er på grunn av det nye livet i Jesus. Det var først då vi verkeleg lærte Jesus og hans godleik å kjenna. Ingen er som han.

Onsdag 3. des 1980 klokka 14.00 gjekk vi til 'Mama' slik som var avtalt. Vi heldt møte på staden der avguds-utstyret skulle brennast, og det blei grove ei stort hól for å romma alle tinga. Alt blei brunne på elden i Jesu namn.

Nye menneske, nye liv

Etter dette var det slik som 'Mama' hadde sagt den 2. des 1980, at desse djevlane ikkje kom attende til kona mi. Det er sant at heilt til denne dag har det ikkje vore teikn til dei på kona mi. Ho søker Jesus åleine, og ingenting er kjærare for henne enn møter og gudstenester. Ingenting er heller kjærare lesning for henne enn Bibelen. Vi blei forundra då vi las i Op 7,9-14 om menneskehopen som ikkje kunne teljast..., som hadde kvite klede..., og at det var nokon som spurde: «Desse som er kledde i kvite klede, kven er dei...?» Det stemte heilt med det synet kona mi hadde hatt i draume i Mahajanga, då vi sov i

det enkle trehuset, staden der 'kalanoro'-åndene oppheldt seg.

Tidlegare var vi saman med 'ombiasa' og denne verda sine menneske, men nå er prestar, hyrdar og kristne omgangsvenerne våre.

Nenilava sa til oss at vi burde gi oss heilt til Jesus, og ho bad om at vi måtte begynna å førebu oss til å bli hyrdar, for det var Jesu vilje.

I løpet av desember månad (den 17.) blei eg også løyst frå tobakk. Eg bad om forbøn for dette hos Nenilava og ho sa til meg: «Du skal bli fri sigarettøykinga, for Jesus har frigjort deg. Ikkje røyk meir. Eg skal be for deg». Til denne dag har ingen sigarett meir vore nær lepene mine, og eg skal aldri meir gjera det.

Ein dag fann vi ein sølvkross med bilete av Jesus, som var mista på vegen. Eg ville gjerne ha den rundt halsen, fordi han var så fin. Men eg spurde Nenilava først om eg kunne det. Dagen etter at eg hadde spurt henne om det, sa ho - vi hadde nett vore saman på møte - at Jesus hadde sagt henne at krossen tilhørde ein katolsk pater, som nett var komen frå Italia. Han hadde mista han på vegen. «Jesus sa at du ikkje kan ha han rundt halsen». Vi diskuterte ikkje dette med henne, men godtok svaret. Seinare forstod vi kvifor Herren hadde nekta dette: Krossen kunne for oss ha blitt ei erstatning for avgudane tidlegare. Djevelen er lur. Han ville allereide venda trua vår over på noko anna enn Jesus. Dersom eg t.d. ein dag hadde gløymt krossen heime, kunne eg ha tenkt at nå hadde eg ingenting til å beskytta meg på vegen... Det er feil. Å ha tillit til Jesus er det viktigaste. Han er sjølv livet.

Den 1. feb 1981 blei kona mi og eg gitt absolusjon i den lutherske kyrkja: 'Toby Fanantenana' i bydelen 67 Ha. Det var medan presten Rakotondramary Gilbert levde. Vi vitna då kort om den frigjering og frelse som Jesus hadde vist oss. Vi blei nattverdberettiga igjen den dagen.

Gud viste også sin herlegdom gjennom arbeidet mitt. Sjølv om eg berre var politi på den tida, blei eg sendt på vidareutdanning i tre månader i Frankrike (april - juni 1981).

Det var også nåde frå Gud at vi blei innvia til hyrdar i det store vekkingscenteret Ankaramalaza. Namnet på dei innvia hyrdane det året var 'Sanne hyrdar'²⁸, og vi var over 100 som blei innvia samstundes. Nenilava var mellom dei som la hendene på oss og innvia oss, og det var siste året ho gjorde det. Seinare har ho ikkje teke aktivt del i sjølv innviinga, men vore til stades og sett på.

I 1985 blei eg uteksaminert på politihøgskolen på Antsirabe. Det var også svar på bøn. Etter dette heldt vidareutdanninga fram i to år, og i 1988 blei eg politimeister.

Eg vil gjerne her seia at heile tida medan eg var politi, kalla

Nenilava meg for politimeister. Eg var forundra over dette..., men ho sa at det var det eg var. Nå er det gått i oppfylling.

.....²⁹

Det finst ikkje tabu for den kristne og kyrkja, anna enn: å forsaka djevelen, alle hans gjerningar og alt hans vesen

Dagen etter at vi hadde brunne opp alt utstyret for djevelen og satan, som blei gjort på vekkingssenteret Ambohibao den 4. des 1980, åt vi grisekjøt og runde bøtter saman med hønekjøtt. Nenilava hadde sagt til kona mi at nå kunne ho eta alt det som djevilane hadde sagt var tabu tidlegare, for nå var ho fri. «De skal berre halda dette eine tabu- et» - sa Nenilava til oss -«forsaka djevelen, alle hans gjerningar og alt hans vesen».

De må ikkje ha kontakt med djevelen og engasjera dykk i hans saker, for han har ingen medkjensle med menneska

Til slutt vil eg fortelja dykk om ein samtale eg hadde med ei kvinne som blei behandla av 'tromba'-åndene hos oss. Då eg fortalde dei gode nyhende til henne - onsdag 3. des 1980 - om at vi var frie både 'tromba'- og 'kalanoro'-åndene og at vi hadde brunne opp alt utstyret på vekkingssenteret Ambohibao, sa ho: «Men kvifor kunne de gjera slikt? Er de ikkje redde for kva som vil skje? Viss de døyr nå, kva skal dei to barna dykkar gjera, som ennå er små? Og kvifor førebudde de meg ikkje på dette? Eg var jo hos dykk laurdag 29. nov 1980 og kalla på åndene. Eg burde ha fått tatt avskjed med dei i det minste. Det er dei eg kan takka for at eg har fått dette siste barnet mitt! Det var dårleg gjort av dykk.» Då svara eg henne og sa: «Vi vil ikkje driva på meir med dette. Dei er djevelen, og det trengst ikkje å ta avskjed med dei. Dei er til inga nytte. Når det gjeld livet vårt, har vi alt tenkt over det, og om vi skal døy, står det i Jesu hand. Djevelen har inga makt over Jesus. Eg gir deg eit godt råd: Fylg Jesus, både du og barnet ditt, elles kan det gå deg ille.» Eg takkar Jesus for at denne kvinna blei innvia til hyrde i Ankaramalaza den 2. august 1982. Både ho og familien hennar blei brennande kristne. Mange av dei menneska som blei behandla av djevilane heime hos oss tidlegare, er nå blitt omvende og har fått Jesus til Herre.

.....³⁰

Eg takkar også vår Herre Jesus Kristus, som velte ut 'Mama' Volahavana Germaine eller Nenilava, til sin tenar. Som eit fiskenett har han gjort henne til ein reidskap for å kalla syndarar, og til denne dag har ho ikkje nekta å ta imot folk og samtala med dei - dag eller

natt - og å føra dei til Jesus slik at dei kan ta imot frelse og liv.
 Ære åleine til Gud Fader, Sonen og Den Heilage Ande.

Noter

1. Eit studieprosjekt om Evangelium og Kulturar, Mellomkyrkjeleg Råd 1995, s.7.
2. Bayo, Abijole: "St. Pauls Concept of Principalities and Powers in African Context", *Africa Theological Journal*, Volume 17, No 2, 1988, s.118-129.
3. "The traditional beliefs related to the unseen world differ to a large extent not so much from the biblical equivalents as from the doctrinal emphasis of western Christianity", Oduyoye, Mercy A.: "Christianity and African Culture", *International Review of Mission*, Vol LXXXIV, Nos 332/333, s.84.
4. Austnaberg, Hans: "Fifohazana. Skisse av ei aktuell rørsle i madagassisk kyrkjeliv", *Tidsskrift for Teologi og Kirke*, 2/1996.
5. Den fylgjande historia er henta frå boka: *Tantara sy fijoroana ho vavolombelona*, Edisiona FLL, Antananarivo. Boka er skreven til 50-årsjubileet for vekkingscenteret Ankaramalaza og for vekkingskvinna Nenilava (1992). Bidragsytarane fortel korleis dei på ymse måtar er blitt hjelpte av denne vekkingskvinna.
6. 'Hyrde' er namnet på innvia lekfolk og prestar i den madagassiske vekkingsrørsla. Etter ei opplæringsstid på to år, blir dei innvia til evangelieforkynning, kjærleiksgjerningar og utdriving av vonde ånder.
7. 'Tromba' og 'kalanoro' viser til forskjellige åndsmakter, som ein tenkjer seg kan ta bustad i og styra eit menneske (besettelse).
8. Dette er ei innleiing frå utgjevar til den sjølvopplevde historia.
9. Sjukdomsdiagnosen er vanskeleg å omsetja til norsk. Symptoma er ofte epileptiske, og den generelle oppfatninga er at sjukdomen har samband med åndsmakter.
10. Madagassisk (Mad.): 'famosaviana'
11. Tradisjonelt har desse personane forskjellige oppgåver. Ein 'mpanao sikidy' brukar brikker som han flyttar etter eit bestemt mønster. Slik kan han slå fast kva som er den beste dagen for å gjera noko viktig, som t.d. bryllup, likvending. Ein 'ombiasa' er ein helbredar. Nokre gonger brukar han trepinningar eller steinar; andre gonger forskjellige urter. Namna på desse tradisjonelle madagassiske helbredarane kan vera ulike frå stad til stad på øya. Felles er at deira verksemd ikkje er nøytral. Deira rådgjeving og helbreding skjer i ein overordna, religiøs samanheng, og remediene er innvia / gjort heilage gjennom bønner til ånder og makter.
12. Mad.: 'zanaharibe'. Ånda blir kalla 'tromba'.
13. Det mad. ordet 'medisin' er brukt. Ordet 'medisin' har ein omfattande bruk, noko i retning av 'remedium med helbredande verknad'.
14. Eit oksehorn (mad. 'mohara') fylt med forskjellige ingrediensar, blir rekna for å ha spesiell styrke, og blir brukt i samband med helbreding og magi.
15. Det som eg har omsett 'ånd', er konsekvent i den gassiske teksten 'tromba'.
16. Alle parantesane utover er gjort av forteljaren.
17. Begge namna har førestavingar på "andriana", som tyder "adeleg". Det er ei utbreidd oppfatning på Madagaskar at 'tromba'-åndene er av kongeætt.
18. Frå dette punktet i forteljinga differensierer eg omsetjinga av dei madagassiske orda for 'ånd', alt etter kva ord som er brukt. Mad. 'tromba' er delvis omsett 'tromba-ånd' og delvis 'tromba'.
19. For å korta ned noko på historia lagar eg eit resymé av s.135-138:
 Organés fortel at han sjølv blei troytt og sjukleg av alt arbeidet med åndene, men

ingen medisinar hjelpte. Då sa ändene til han at dei ville ta bustad i han, for slik å gjera han frisk. Det nekta han blankt, og sa at han heller ville døy.

Frå 1980 av brydde han seg ikkje så mykje om ändene lengre, hadde det ikkje vore for at kona leid slik. Han snakka med ein ven, som var kristen, og saman høyrde dei eit program på radioen, der ein tidlegare besett fortalde at desse ändene ikkje var fedreänder, men djevelen. Dette gjorde dei ennå reddare.

Ändene blei sinte på dei fordi dei trudde dei var djevelen, og dei straffa kona med at ho blei stum. Først etter eit lengre ritual for å blidgjera ändene, fekk ho talen att og kom til seg sjølv. Organés fortel at han på den tida begynte å lesa i Bibelen og be om kveldane. Det gjorde han saman med dei to barna sine, men kona ville ikkje vera med. Han fortel at både han og kona var oppdratt i luthersk tru, og at dei var nattverdberettiga i kyrkja!

Ein dag dei kom heim frå arbeid, såg dei at alt utstyret til ändene hadde falle ned frå plassen sin og låg på golvet. Dei lurte på kva det kunne tyda, og ändene gav dei svaret: dei måtte straks reisa til Mahajanga for å få sett huset skikkeleg i stand for 'kalanoro'-ändene. Det var nemleg dei som på denne måten hadde varsla dei at dei ikkje var nøgde med tilretteleggjinga. Og dei reiste av stad.

Medan dei var der, hadde kona til Organés eit syn.

20. Det same ordet ('mivavaka') brukast på madagassisk om å 'be' og om 'å gå i kyrkja; bli/vera kristen'.
21. Det tradisjonelle madagassiske namnet på den høgste guden er brukt (Zanahary). Dette gudsnamnet blir også nokre stader brukt om den kristne Gud, særleg i ein del av kystområda.
22. Det blir her vist til madagassisk skjebnetru. Ein viktig føresetnad for at noko viktig kan gjennomførast, er at det ikkje er motsetnader i den usynlege delen av tilværet. Det finst gode og vonde dagar.
23. 'Sakalava' er namnet på den madagassiske folkestamma som bur i området rundt Morondava. Dette området kallast også 'Menabe'.
24. Daniel Rajakoba hadde vore minister i ei tidlegare regjering, og blei titulert som det seinare.
25. Det same ordet som vårt 'mamma': mor.
26. Katekist er ein leiar for lokalkyrkjelyden. Det tilsvavar til dels vår klokkar, men sidan mange lokalkyrkjer er utan prest på Madagaskar, er oppgåvene hans meir vidtfernande. Katekisten står for leiinga av leke gudstenester og forkynter Guds ord. Ofte er han også ansvarleg for opplæringa til dåp og konfirmasjon.
27. Eit vekkingssenter (mad. 'toby') er stader der hyrdane permanent utfører si helbredande teneste. Særleg alvorleg sjuke menneske blir behandla på desse sentra, gjerne frå nokre månader til fleire år. Det finst nå ca 60 slike større og mindre sentra i hyrderørsla på Madagaskar.
28. Mad.: 'Mpiandry Marina'.
29. Her fylgjer to kortare avsnitt som har form som vitnemål / forkynting for dei som les historia. Først imotegår han argumentet med at kontakten med ändene var noko dei sjølv søkte, og ber lesarane ta seg i vare for å 'leika' med dette. Deretter snakkar han om at Gud kallar menneske på forskjellige måtar; ikkje minst understrekar han forkyntinga av Guds ord og vitnemål frå andre kristne. Siste delen er ei oppmoding til å søkja Jesus medan det ennå er tid. Fleire vers frå Bibelen blir nytta til å underbyggja dette.
30. I eit kort avsnitt uttrykkjer forfattaren sin takk for frelsa til Gud, Jesus og Den Heilage Ande.

Hans Austnaberg, f. 1956, cand.theol. Misjonshøgskolen / MF 1981, praktikum 1987. Misjonsprest på Madagaskar 1983, evangeliseringsarbeid 1984-87, lærer / rektor ved sentral presteskole / teol. fakultet (Ivory) 1988-90, lærer ved regional presteskole (Atsimoniavoko) 1990-94. Fung. kretssekretær i Stavanger krets av Det Norske Misjonsselskap (1994-95). Engasjement ved Høgskolen i Stavanger, Institutt for kristendomskunnskap, religion og kirkefag 1995-.

**Gospel and Culture in Malagasy Experience.
An Authentic Testimony to the Liberating Power of the Gospel.**

The present testimony is told by Organès about his wife, who for 14 years was the medium of evil spirits. The contact with the spirits was established against his wife's will on occasion of an illness. His wife eventually used the power of the spirits in order to cure other people with different problems. The main point of the testimony is to shed light on the godgiven role of 'Mama Nenilava', who is the spiritual leader of the Ankaramalaza branch of the shepherd movement. Organès tells how his wife, with Nenilava's help, was delivered from the spirits through a ceremony of exorcism. Among the spirits, he was told, was the devil. The ritual was performed by the shepherds, while Organès himself had to tear down all the remedies used in his wife's practise, and have them burnt afterwards. He stresses how the life of the whole family was totally changed after the deliverance.